



Konfirmantane hadde ei hovudrolle

**I periodar vel eg å ikkje sjå på nyheitene men ser heller på lettare underhaldning, Eg flyktar frå verkelegheita og distanserar meg sjølv. Men då er det lett å bli navlebeskuande. Sokneprest Lina Håland erkjente det i preika si under lysmessa i kyrkja i dag.**

Ho heldt fram at det er lettare å gå forbi nokon som har det vondt hvis vi ser berre på oss sjølve. Det vi bør gjera er å lyfta hovudet. Då ser vi både våre medmenneske og Jesus og då forsvinner vår frykt for alt det fæle som skjer i verda,

Som døme trekte ho fram tyfonar på Fillippinane, dei umenneskelege herjingane til IS, nordmenns deltaking i krigen i Syria og terrortruslar også mot vårt land.

Lysmessa var ei vakker oppleving, ikkje minst fordi årets konfirmantar hadde ei hovudrolle. Dei gjekk inn i prosesjon med tente ljøs i hendene og, dei var flinke tekstlesarar både under sjølve gudstenesta og ein barnedåp.

Kyrkjelydssekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark kom med fortent ros til årets konfirmantar og ga dei karakter for å vera kjekke.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Sokneprest Lina Håland og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Høimark i kyrkja i ettermiddag.